

Unge musikktalent slepp til**28.05.2015**

Festidalen veks stadig og no ynskjer dei å gjera noko for det musikalske ungdomsmiljøet. Unge og lovande musikkarar skal få ei scene og eit stipend som dei kan nytte til vidare utvikling. Mange øvingslokal er oppsøkt som ei førebuing. Neste steg er at det i båthamna vert laga ei profesjonell scene der dei mest profesjonelle banda får utfalda seg laurdag ettermiddag. 5 til 7 band skal sleppe til før portane vert opna på Dønhaug. Neste år er planen å henta talentane frå heile Hardanger og Sunnhordland. I år konsentrerar dei seg om nærområdet..

No får kvart band frå 15 til 20 minutt og vert bedømt av eit ekspertpanel og minst eitt får tilbod om spelejobb neste år. Festidalen dekker utgiftene og tilbyr gratis festivalpass og overnatting på campen for dei over 18 år. Det vert vidare etablert eit stipend som vert delt ut etter fagleg vurdering og nyttast til vidare utvikling. Det må dokumenterast korleis ein vil bruka midlane. Det er eit mål å nå opp i ein stipendsum på 100 000 kroner, melder Festidalen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen